



Stryn kommune

2013

Kommunedelplan for Bøasetra - Ullsheim



Planstrategi

Samfunnsdel

Handlingsdel/Økonomiplan

Arealdel

Kommunedelplan

Innhald

1.	Innleiing	4
1.1.	Oppstart og planprogram	4
1.2.	Lokalisering	4
1.3.	Historikk	4
1.4.	Føremålet med planen	6
1.5.	Planstrategi	7
1.6.	Rammer for planarbeidet	7
1.7.	Gjeldande detaljplanar innanfor planområdet	8
1.8.	Organisering	8
2.	Analyser og vurderinger.....	9
2.1.	Landskapsanalyse	9
2.1.1.	Landskapsformer/vegetasjon/høgd over havet	9
2.1.2.	Turdrag	10
2.1.3.	Framlegg til nye byggeområde i høve til landskap og turdrag	11
2.2.	Infrastruktur	12
2.2.1.	Kapasitet samleveg	12
2.2.2.	Eventuell heilårsveg til Tverrfjellet	12
2.2.3.	Skiløyper	12
2.3.	Økonomiske tilhøve	13
3.	Endringar i revidert framlegg til kommunedelplan	14
3.1.	Endringar som følge av ny plan- og bygningslov	14
3.2.	Opprettig av plan som følge av betre kartdata	14
3.3.	Område for fritidsbustader	14
3.3.1.	Nye byggeområde	14
3.3.2.	Justeringer av byggeområde:	15
3.3.3.	Sletting av byggeområde	15
3.4.	Dagens tal på hytter - og framtidig potensiale	16
4.	ROS-analyse	17
4.1.	Innleiing	17
4.2.	Avgrensing av analysen	17
4.3.	Risiko for moglege hendingar	19
4.3.1.	Snø- eller steinskred/-sprang	19
4.3.2.	Flaum/flaumskred	19
4.3.3.	Sårbar flora	19
4.3.4.	Kulturminne-/miljø	19
4.3.5.	Støy	19
4.3.6.	Beredskap brann	20
4.3.7.	Trafikkulykker	20
4.3.8.	Manglande kapasitet i kraftforsyninga	20
4.3.9.	Manglande kapasitet i VA-system	20
5.	Konsekvensutgreiing	22
5.1.	Forskrift om konsekvensutgreiing	22
5.2.	Utgreiingstema	22
5.3.	Landskap	22
5.3.1.	Eksisterande tilhøve	22
5.3.2.	Konsekvensar	23
5.4.	Naturmangfold	23
5.4.1.	Eksisterande tilhøve	23
5.4.2.	Konsekvensar	24
5.5.	Landbruk	24
5.5.1.	Eksisterande tilhøve	24
5.5.2.	Konsekvensar	24
5.6.	Kulturminne og kulturmiljø	25
5.6.1.	Eksisterande tilhøve	25
5.6.2.	Konsekvensar	25
5.7.	Friluftsliv	26
5.7.1.	Eksisterande tilhøve	26

5.7.2. Konsekvensar	27
5.8. Samanstilling av konsekvensvurderinga.....	29
5.9. Naturmangfaldlova	30
6. Politisk handsaming.....	31
6.1. Vedtak i Formannskapet 07.12.11	31
6.1.1 Justert planframlegg	31
Auke av tal hytter.....	31
Korridor ved ski-/turløyper	32
Felt IV – Tonning/Vik.....	33
6.1.2 ROS	33
6.1.3 Konsekvensutgreiing	33
Landskap	33
Naturmangfald	33
Landbruk	34
Kulturminne og kulturmiljø	34
Friluftsliv.....	34
6.1.4 Oppsummering	34
6.2. Vedtak i Formannskapet 16.05.12	35
6.2.1 Endringar av planen i revisjon B	35
6.2.2 Konsekvensutgreiing	35
Landskap	35
Naturmangfald	35
Landbruk	35
Kulturminne og kulturmiljø	36
Friluftsliv.....	36
6.2.3 Oppsummering	36
6.3. Vedtak i Formannskapet 05.12.12	36
6.3.1 Endringar av planen i revisjon D	37
6.4. Vedtak i Kommunestyret 25.02.13	37
Føresegner og retningsliner	38

1. Innleiing

1.1. Oppstart og planprogram

Gjeldande kommuneplan for Stryn kommune 2006 – 2017 vart vedteken i 2006.


Varsel om oppstart og utlegging av planprogram for revisjon av kommunedelplan Bøasetra - Ullsheim vart vedteke av formannskapet i sak 192/10.

Oppstart av planarbeidet vart varsle i januar 2011 med frist for innspel sett til 25. februar. Sidan planarbeidet har trekt ut i tid, er innspel fram til og med august 2011 teke med i vurderingane. Nokre innspel som har kome inn i perioden 2007 - 2010 er også teke med i vurderingane. Kommunen har vurdert og kommentert i alt 26 innspel i sak til formannskapet 166/11.

Planprogrammet omfatta mellom anna omfang og føremål med planen, samt utgreiingsbehov.

1.2. Lokalisering

Planområdet ligg i fjellterring ca. 3 km nord for Stryn sentrum. Revisjonsframlegget dekker same område som gjeldande kommunedelplan for Bøasetra-Ullsheim, eit areal på 43 000 dekar frå Gryta i aust til Markane i vest og fjellheimen mot Hornindal grense i nord. Plangrensa går fram av kartskissa under.



1.3. Historikk

Planområdet var tidlegare setningsområdet for gardane på Bergsida, Vik, Tonning og Bø. Setrebruket vart nedlagt, med overgang til utmarksbeiting og hausting av seterkviene. Etter kvart avtok storfehaldet, og i dag er området berre beita av sau.

Grunneigarane selde spreidde hyttetomter i utkanten av stølsmiljøa til slekt og lokalbefolkning. Desse bygde hytter av liten storleik, før grunneigarane i Bø gjekk saman om ein felles utbyggingsplan for hytter. I mellomtida var Stryn Vinterski etablert på deira område, og skyttarlaget hadde bygd skyteanlegget på Bøanedsetra. Hovudforsyning for drikkevatn for Stryn sentrum vart lagt til Holevatnet, og veg vart bygd fram til vatnet.



Stryn Vinterski sine to heisar, Steindalen øvst.

Rundt år 2000 endra mykje seg i området. Stryn Vinterski starta arbeidet med utviding av alpinområdet og etablerte heisanlegg også i Steindalen. Grunneigarane i Bø starta tett utbygging av høgstandard hytter inntil alpinanlegget. Standarden på Turløyper Stryn sitt løypeanlegg vart kraftig betra. Utbygging av hytter starta også på eideomane på Vik, vest om Vikaelva.


Med denne endringa gjekk fjellområdet nord for Stryn frå eit ferieområde for nokre lokale hytteeigarar til eit myldrande aktivitetsområde for lokalbefolkning og mange tilreisande.



Turløyper Stryn preparerer fleire mil med flotte langrennsløyper. Traséane blir også mykje brukt på sommartid

1.4. Føremålet med planen

Innspela frå grunneigarar om nye hytteområde er omfattande, til saman er over 1500 dekar utmark søkt omdisponert. Dette ville ferdig utbygd tilsvare eit tal på mellom 500 og 800 nye hytter.



Grafisk illustrasjon av kvar grunneigarar har spelt inn ønske om utlegging av hyttefelt. Gjeldande kommunedelplan med svakare farge

To tredjedeler av dette er innspel som gjeld Tonning/Vik, i området mellom Bøanedsetra, Tonningsetra og Tverrfjellet.

Føremålet med revisjonsarbeidet er å avklare arealbruken i området med omsyn til hyttebygging og vegbygging, og sjå desse opp spesielt mot frilufts-/rekreasjonsinteressene i området. I tillegg er det naudsynt å avklare interessekonflikter mellom vegbygging/hyttebygging og landbruk (spesielt beitebruk).

Dette fjell- og skogområdet er Stryn sentrum sitt "markaområde" og er i FRIDA-registeret vist som eit regionalt viktig friluftsområde. Stryn Vinterskiski sitt anlegg med to skiheisar ligg i området, og eit omfattande nett av preparerte skiløyper ligg mellom Bøanedsetra og Ullsheim. Utbygging til hytte- og vegføremål bør ikkje gå lenger enn at ein tek vare på dei mest vesentlege kvalitetane i området knytt til utøving av friluftsliv. Fastbuande, tilreisande og hytteeigarane i området skal ha høve til å utøve friluftsliv i nærmiljøet.

1.5. Planstrategi

I løpet av første år etter val av nytt kommunestyre skal det vedtakast ein overordna planstrategi. Dette ligg ikkje til grunn for revisjonen av denne delplanen. Nokre tema bør først vurderast i ein slik strategi, og er difor ikkje fullt ut teke stilling til i denne revisjonen. Dette gjeld særleg:

- Nye tiltak aust for skisenteret som krev flytting av skytebana, som hyttebygging og vesentleg utviding av skisenteret. Flytting av skytebana er eit spørsmål som må forankrast i ein vedteken planstrategi.
Kommunedelplan for anlegg for idrett og friluftsliv har prioritert skytebana på Bøasetra som hovudanlegg for skytebaner i Stryn. Å finne alternativ, sentral plassering av eit eventuelt nytt skytebaneanlegg er erfaringsmessig krevjande.
- Innspel om heilårsveg mellom Bøanedsetra og Tverrfjellet. Dette vil vere eit betydeleg inngrep i seg sjølv, men vil også medføre ein vesentleg trafikkauke på Setrevegen mellom sentrum og Bøanedsetra.
- Behov for planlegging av ein eventuell ny eller opprusta Setreveg. I samband med dette temaet må ein vurdere fleire spørsmål knytt til mellom anna riksvegnettet og bustadområde kring Stryn sentrum.

1.6. Rammer for planarbeidet

Planarbeidet er styrt av plan- og bygningslova av 2008. Planen er utforma innanfor nasjonalt lovverk, forskrifter, statlege og regionale mål og retningslinjer. Ein har mellom anna teke omsyn til følgjande registreringar og informasjon:

- Regionalt viktig friluftsområde (FRIDA-registeret og fylkesplan for friluftsliv).
- Naturressursar som Vinsryggmorena (verneverdig kvartærgeologisk førekomst).
- Viktige kulturlandskap som t.d. seterkvier.
- Område med stort biologisk mangfold (Naturbasen).
- Landskapsformer, vegetasjon, eksponeringsgrad, vassdrag

Friluftsliv og gjeldande friluftslivpolitikk er definert i St. meld nr 39 (2000-2001).

Kapittel 2.1 legg til grunn at friluftsliv er ”opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse”. Målsetjinga er å fremje det enkle friluftslivet – for alle, i dagliglivet og i harmoni med naturen. Friluftslivpolitikken legg vekt på ein ”kjerne av ikkje konkurranseprega, ikkje motoriserte fritidsaktivitetar, som går føre seg på allment tilgjengelege, naturprega område”.

I kommuneplanen sin samfunnsdel står det at satsing på hyttebygging må skje gjennom samordna planlegging som sikrar ålmenne interesser og reiselivet generelt.

1.7. Gjeldande detaljplanar innanfor planområdet

Det er teke omsyn til gjeldande reguleringsplanar/bebyggelsesplanar/disposisjonsplanar. Dette gjeld mellom anna avgrensing av utbyggingsområda og ved utrekning av potensielt tal hytter på dei einskilde felta. Følgjande planar ligg innanfor planområdet:

Bøanedsetra hyttefelt, 2004	Fritidshus m.m.
Bøanedsetra hyttefelt, felt F1, F2 og F3. 2006.	Fritidshus. Bebyggelsesplan.
Bøanedsetra hyttefelt, felt 2A og 2B. 2007.	Fritidshus
Bøanedsetra hyttegrend, del 3. 2009.	Fritidshus
Bøasetra hyttefelt. 1980.	Fritidshus. Disposisjonsplan.
Dybevoll hyttefelt, gnr.52 bnr.1. 2002.	Fritidshus
Dybevoll hyttefelt, gnr.52 bnr.1. 2007.	Fritidshus. Bebyggelsesplan.
Hogdeteigane I. 2002.	Fritidshus. Bebyggelsesplan.
Hogdeteigane II. 2005.	Fritidshus.
Hydla hyttegrend, endr. 2008.	Fritidshus
Kvia hyttefelt, 2009.	Fritidshus. Bebyggelsesplan.
Massetak i Lida – gbnr 60/2, 2009.	Masseuttak.
Tonningsetra hyttefelt. 2007.	Fritidshus.
Tverrfjellet hyttefelt. Gnr 48/4. 2009.	Fritidshus.
Steindalen. 2007.	Alpinbakke.
Øvrebergsetra hyttefelt. 2006.	Fritidshus. Bebyggelsesplan.

1.8. Organisering

Kommuneplanarbeidet er administrativt leia av Rådmannen, som òg er bindeleddet mot formannskap og kommunestyre for å sikre den politiske forankringa av arbeidet.

Under rådmannen blir det praktiske arbeidet gjort av seksjon for plan- og næring, i ei arbeidsgruppe samansett av seksjonsleiar, plankonsulent, miljøvernleiar og landbruksjef.

2. Analyser og vurderingar

2.1. Landskapsanalyse

Med bakgrunn i eit omfattande ønskje om vidare hytteutbygging, er det lagt stor vekt på ei analyse av landskapet, der ein over eit større område har vurdert kvar dei mest sårbare områda finst, inkludert:

- landskapsformer/vegetasjonstype
- dei gamle setrane,
- Vinsryggmorena
- elvar og vassdrag
- stiar, turdrag og turløyper, større samanhengande friluftsområde

På denne måten har ein prøvd å unngå nye utbyggingsareal med stor konfliktgrad. Analysa er konsentrert om området med størst press for utbygging, mellom Vikaelva og Svingesetvatnet.

2.1.1. Landskapsformer/vegetasjon/høgd over havet

Bøanedsetra, skytebana, parkeringsplassen ved skisenteret og Hydla-området ligg rundt 325 meter over havet. Tverrfjellet og Vik/Tonningsetra ligg rundt 445 meter over havet.


Skoggrensa er variabel i planområdet, men vegetasjonstettleiken endrar seg og blir åpnare når ein passerer ei tenkt linje mellom Tverrfjellet og Vik/Tonningsetra. Omtrent på same stad flatar terrenget ut, og ein får overblikk over eit større område. Eventuelle bygningar vil i dette flatare og mindre vegeterte området bli meir synlege.

Overgangen frå det skrånande terrenget frå Bøanedsetra og oppover til det flatar ut, er tydeleg frå Vik/Tonningsetra og eit stykke mot Tverrfjellet.. Denne overgangen er eit skilje mellom det mange oppfattar som "nede i skogen" og oppe på det flatare området.

Kommunen har målt inn "knekklina" i terrenget, og ført den vidare etter same vurdering rundt Hogden og vestover mot Ullsheim. Austover er den dregen innom skihisen. Lina synest å vere ei fornuftig grense mellom areal som - ut frå omsyn til landskap og eksponeringsgrad - kan nyttast til nye utbyggingsområde, og areal som bør skånest for vidare utbygging.

Illustrasjonen under viser med grøn farge det arealet som ut frå vurderinga over blir areal som bør skånest for utbygging. Markert er også vassdraga med sine 100-meters belte, sætreområda og Vinsryggmorena. Gjeldande kommunedelplan ligg under.

På denne skissa kjem også fram grunnen til at ein i planframleggelsen ønskjer å ta ut det tidlegare godkjende hytteområdet sørvest for Vik/Tonningsetra. Dette er plassert i eit område som ut frå landskapsomsyn blir svært eksponert, og deler opp eit samanhengande friluftsareal.




Illustrasjon av det arealet som ut frå landskapsomsyn bør skånest for utbygging. Markert er også vassdraga med sine 100-meters belte, sætreområda og Vinsryggmorena.

2.1.2. Turdrag

Området er som nemnt eit mykje brukturområde heile året. Her er mange gamle råser, preparerte løyper på vinterstid, og nokre av desse er opparbeidde til å vere gangstiar på sommarstid. Dei viktigaste turdraga er illustrert under.


Her kjem også fram at Stryn har eit markaområde som startar heilt ved bustadfelta i Stryn og strekkjer seg opp til Bøanedsetra. Det er då svært viktig at ikkje tilkomsten vidare mot høgfjellet blir stengt av private fritidseigedommar, men at det framleis blir råd å ta seg fram til fots i eit friluftsområde utan å føle at ein trengjer seg inn på private fritidseigedommar.



Illustrasjon av viktige turdrag i planområdet.

2.1.3. Framlegg til nye byggeområde i høve til landskap og turdrag.

Illustrasjonen under viser korleis dei nye byggeområda som er føreslegne i planframlegget innglassar seg dei omsyn som er påpeika i landskapsanalysa.



Framlegg til nye byggeområde i høve til sårbare område..

2.2. Infrastruktur

2.2.1. Kapasitet samleveg

Trafikken til hyttefelta går på Setrevegen gjennom dei største bustadfelta i Stryn. Setrevegen er dimensjonert som samleveg og eit trafikktal på rundt 1500 personbileiningar i døgnet (ÅDT). I bustadfeltet Stegane er det i dag beregna ein ÅDT på 800-1000 pbe.

På Setrevegen ovanfor byggefelta er årsdøgntrafikken låg, rundt 25 p.b.e. Dette har sin bakgrunn at hytter og fritidsområde skaper relative låge trafikktal fordelt over året. Av analysen går det fram at det må byggjast 15-20 hytter for å auke ÅDT med 1 p.b.e.

Fordi hyttetrafikken er ujamn over året, og har store toppar i høgtider og feriar, kan det diskuterast om årsdøgntrafikk er godt nok mål for toleevna til Setrevegen. Dei teoretiske trafikktala tilseier at det kan byggast langt fleire hytter basert på eksisterande veggtilkomst, men det spesielle trafikkmönsteret tilseier at ei framtidig vegføring utanom byggjefelta må avklarast i samband med revisjon av kommunedelplan for Stryn sentrum.

Som nemnt under kapittel om planstrategi bør eventuelt behov for planlegging av ny eller opprusta Setreveg vurderast som eit punkt i planstrategien.

2.2.2. Eventuell heilårsveg til Tverrfjellet

Nokre partar har ønskje om heilårsveg til Tverrfjellet, andre ønskjer det ikkje. Ein slik veg er i denne revisjonen ikkje utgreia, men det synest å vere eit par alternativ som eventuelt kan vere aktuelle:

- ved opprusting av skogs-/hyttevegen frå Vinsrygg.
- frå Setrevegen/Bøanedsetra.
- ny trasé, til dømes frå Vik.

Det første alternativet har minst konsekvensar, men kapasiteten på kommunal veg på Vinsrygg er dårlig, og ikkje eigna for ein vesentleg trafikkauke. Vinterbrøya veg forbi lysløypa mellom Vinsrygg og Bøanedsetra krev også ei omlegging av turløypetraséen på vinterstid.

Det andre alternativet vil utgjere eit vesentleg terrenginngrep, men vil også auke trafikken på Setrevegen vesentleg. Før behovet for tiltak på Setrevegen er avklara og planlagt, bør ein ikkje opne for dette tiltaket.

Om heilårsveg er aktuelt, må det gjerast ei brei vurdering av dette i neste revisjonsperiode.

2.2.3. Skiløyper

Dersom vinterbrøya vegutløysing av godkjende hytteområde krev kryssing av preparerte skiløyper i markerte løypetraséar i planområdet, skal dette skje ved at køyrevegen blir lagt under skiløypa ved bruk av undergang eller bru.

Ansvaret for dette påkviler hytteutbyggjar, og teknisk løysing skal gå fram av reguleringsplan. Kravet er teke inn i føresegnene.

2.3. Økonomiske tilhøve

Hyttebygginga som har føregått dei seinare åra har endra karakter sett i høve til tidlegare hytteutbygging i Stryn. Hyttene er blitt vesentleg større og tilknytt ein infrastruktur som gjer dei veleigna til bruk til alle årstider. Storparten av hyttene har eigalarar som til vanleg bur utanfor kommunen, og som oppsøkjer Stryn i feriar og fritid. Dette representerer ein folketilvekst i periodar.

Tilveksten av personar som oppheld seg i Stryn i kortare og lengre periodar gjennom året, inneber ei økonomisk overrisling til det lokale næringslivet. Både i anleggsfasen og gjennom generell bruk blir varer og tenester i stor utstrekning handla lokalt – noko som gjev grunnlag for eit varetilbod og varespekter som det elles ville vore vanskeleg å etablere/oppretthalde.

Eksistensgrunnlaget og moglegheitene for vidareutviklinga av skianlegget på Bøanedsetra avheng også i stor utstrekning av hytteutbygginga i området. Alt i dag kan det registrerast positive effektar på dette området, og ei vidare utbygging vil forsterke dette. Det er såleis ikkje berre grunneigarane som profitterer på denne utbygginga, men også eit breiare næringsliv.

Ut frå eit reint økonomisk perspektiv er det lite som taler mot vidare utbygging av hytter. Det vil likevel kunne verke negativt dersom ei ukritisk utbygging vil redusere attraktiviteten i området overfor nye potensielle hyttebyggjarar. I eit slikt perspektiv vil ei overetablering føre til ei negativ utvikling på sikt når det gjeld utbyggingsomfanget. Det vil såleis vere viktig å verne om dei positive elementa i området som så langt har verka marknadsførande i seg sjølv. Dersom desse forsvinn eller blir reduserte, forsvinn samstundes ein del av grunnlaget for å velje Stryn framfor andre lokasjoner.

Ferdigstillinga av Kvivsvegen i 2012 vil representere eit utvida potensiale innanfor ny hytteutbygging. Reiseavstandar og reisetid vil bli redusert og opne den lokale hyttemarknaden i Stryn for endå fleire.

sett isolert frå ein communal-økonomisk synsstad vil ei utbygging representere betre utnytting av communal infrastruktur som vass- og kloakkutbygging. Behovet for vidare utbygging av hovudanlegg utover det som alt er gjennomført og/eller vedteke, vil vere avgrensa samstundes som tilknytingsinntektene vil kome. Tilsvarande vil eit auka tal abonnementar innebere at årskostnadene vil kunne fordelast på fleire, og følgjeleg representere ei innsparing for alle – om enn avgrensa. Ei tett utnytting vere fordelaktig framfor spreidd utnytting ut frå omsynet til best mogleg utnytting av communal infrastruktur.

Vidare vil ei framhaldande hytteutbygging gje kommunen auka eigedomsskattinntekter.

Ei økonomisk utfordring vil det likevel kunne representere dersom auka utbygging utløyser behov for ny tilførsleveg frå sentrum utanom bustadfelta. Dagens trafikkmengd ligg i hovudsak innanfor den vegklassen som er lagt til grunn for eksisterande veg. Ei massiv utbygging vil kunne endre på dette.

3. Endringar i revidert framlegg til kommunedelplan

Dette kapittelet summerer opp dei viktigaste endringar som er gjort i kommunedelplanen i høve gjeldande plan.

*NB! Kapittel 3 gjevd opprinnleg framlegg til plan etter rådmannen si tilråding.
Endringar gjort som følge av politiske vedtak kan gjere at opplysninga i kapittel 3
er utdatert, sjå difor også kapittel 6, som omtalar endringar som følge av politiske
vedtak.*

3.1. Endringar som følge av ny plan- og bygningslov

Sidan førre revisjon er ny plan- og bygningslov vedteken, med reviderte forskrifter for kart og plan-utforming. Endringa gjeld nye krav til utforming av plankartet, og gjeld m.a:

- Nokre arealføremål har endra namn og fargekoding. Forskrifta fastset korleis områda skal tekstast, alle romartal i gjeldande plan er bytta ut med bokstavkoding for formål + løpenummer.
- Innføring av omsynssoner. Sikringssoner, støysoner, faresoner og sone med særlege omsyn (friluftsliv, landskap, bevaring naturmiljø og bevaring kulturmiljø) skal no markerast med omsynssone. Dette gjeld til dømes for dei gamle setrane, som no er markert på ein einsarta måte med omsynssone med restriksjonar i høve bygging.

3.2. Oppretting av plan som følge av betre kartdata

Planen er justert der mellom anna betre kvalitet på kartdata viser at gjeldande plandata er unøyaktige. Dei viktigaste endringar i denne kategorien er følgjande:

- Turløyper mellom Bøanedsetra, Tonningsetra og Ullsheim er innmålt og korrigert.
- "Kyrkjeråsa" mellom Hynnjelsbruna og Tverrfjellet er plassert meir korrekt etter oppmåling/flyfoto
- Vannkontur er kartlagt i betre målestokk, og plandata er langt på veg oppdatert i samsvar med dette.
- Dei egedomsgrenser har hatt betyding for plassering av plan-liner, er desse sjekka og justert.


3.3. Område for fritidsbustader

3.3.1. Nye byggeområde

På bakgrunn av innspel frå private grunneigarar er det i framlegget til revidert plan lagt inn nye område for hyttebygging, areala for desse utgjer i sum rundt 520 dekar.

Dei fleste nye byggeområala er plassert i området mellom Bøanedsetra og Tverrfjellet, og har nemningane F005, F006, F007, F012, F013, F014 og F015. I tillegg er eit areal avsett på Hatledal (F048).

Illustrasjonen på neste side visar hytteområde i gjeldande plan med svak farge, medan nye område i revisjonsframlegget er vist med sterk farge.



Illustrasjonen viser hytteområde i gjeldande plan med svak farge, og nye områda med sterk farge

3.3.2. Justeringar av byggeområde:

Nokre hytteområde har fått justeringar av arealavgrensinga. Det gjeld:

- Områda F002/F003 (ved Øvrebergsetra) er justert noko fordi hyttetomt i gjeldande reguleringsplan er plassert i ein av løypetraséane. Løypetraséen er lagt om i kommunedelplanen.
- Område F004 er justert i høve til løypetrasé og i høve til omsynssone mot Lundesetra
- Område F008 (Hogdeteigane) er justert i høve til dagens løypetrasé og i høve til omsynssone kring Lundesetra.
- Område F011 er justert i samsvar med godkjent reguleringsplan.
- Område F019 og F020 rett vest for Vikaelva er trekt noko lenger vekk frå Vikaelva av omsyn til vassdraget. Arealet er erstatta i område F013.
- Mindre justeringar av områda F027/F028 (Vik/Tonningsetra), i samsvar med godkjent reguleringsplan.
- Mindre justeringar i områda F042/F043 (Dybevoll), etter reguleringsplan/faktisk utbygging.

3.3.3. Sletting av byggeområde

Eitt hyttefelt er teken ut av kommunedelplanen av omsyn til eksponert landskap og for å ta vare på eit større samanhengande område for utøving av friluftsliv. Det gjeld område IV i

gjeldande kommuneplan som ligg i fellesområdet til Vik/Tonning sørvest for Tonningsetra, på motsett side av Vikaelva.

3.4. Dagens tal på hytter - og framtidig potensiale

I samband med planarbeidet er det sett nærmere på dagens tal hytter i planområdet Bøasetra-Ullsheim samt potensiale i høve gjeldande plan og denne revisjonen.

	Dagens tal hytter	Ubygde hytter etter gjeldande plan	Nye tomter i denne revisjonen	Potensiale: Utbygging etter revisjonen
Tverrfjellet/Vinsrygg (F001-F012 + setrene)	70	175	25	270
Vik/Tonning (F013-F020 + F027-F028)	83	60	170	313
Bø (F021-F026, F029-F030 og Bøasetra)	180	95	0	275
Ullsheim (F040-F048)	32	95	15	142
Sum	365	425	210	1000

Forklaring til tabellen:

- Dagens tal hytter er eksisterande hytter samt dei som har fått byggjeløyve.
- Ubygde hytter etter gjeldande plan er potensialet for utbygging i dag. Tal hytter er estimert ved å nytte 0,3 hytter pr. daa på Tverrfjellet (F001-F012) og 0,45 hytter pr. daa for resten av planen. Dette er i tråd med eksisterande utbygging, og er noko mindre enn det som er mogleg å byggje ut i høve føresagnene.
- Nye tomter i denne revisjonen er potensialet for bygging i dei nye byggeområda (F005-F007, F012-F015 og F048). Potensialet for tal hytter er utrekna på same måte som for dei eksisterande områda som ikkje er regulert (0,3 hytter pr. daa for F005-F007 og F012, og 0,45 hytter pr. daa for F013-F015 og F048). Ein har i tillegg teke ut hytteområde IV (30 hytter).
- Potensialet for tal hytter i planområdet er utbygging i høve planframlegget. Dette talet er summen av dei tre føregående summane. Dette betyr at ved full utbygging er det mogleg å bygge om lag 1000 hytter i planområdet.

4. ROS-analyse

4.1. Innleiing

Kommunen som planmynde har ansvar for at samfunnstryggleiken vert ivaretaken i planar etter plan- og bygningslova. Det skal takast omsyn til risiko og sårbarheit som kan true liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar. Det er krav om ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) ved utarbeidning av planar for utbygging, jf. pbl § 4-3.

Analysen skal femne om alle risiko- og sårbarheitsforhold som er avgjerande for om areal er eigna til utbygging og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko. Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere også konsekvensen av klimaendringane.

På kommuneplannivå skal potensiell risiko og sårbarheit identifiserast. Det er berre dei områda som er vurdert som framtidig utbyggingsområde eller LNF med spreidd utbygging, og som omfattar ei endring i høve gjeldande plan, som skal utredast.

Dei områda som er vurdert til å vere potensielle fareområde eller har registrerte verdiar er lagt inn som omsynssone (§ 11-8).

4.2. Avgrensing av analysen

Kommunen har teke utgangspunkt i Sogn og Fjordane fylkeskommune si sjekkliste for å velje ut hendingar som må analyserast vidare. Tema som treng nærmere utgreiing er omtalt i neste kapittel. Det er nytta prosa i analysen, ikkje matrise.

Uønskt hending	Relevant?	Kommentar/tilvising
Natur- og miljøforhold		
Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko eller auka påkjennningar for:		
• Snø- eller steinskred/-sprang?	Ja	Kap. 4.3.1
• Flodbølgjer som følgje av skred?	Nei	
• Kvikkleire eller anna ustabilitet?	Nei	
• Flaum/flaumskred?	Ja	Kap. 4.3.2
• Overvatn?	Nei	
• Radon?	Nei	
• Skog-/lyngbrann?	Nei	
• Stormflo?	Nei	m.o.h.
• Vind?	Nei	Skjerma mot vest.
• Sårbar flora?	Ja	Kap. 4.3.3
• Verneområde?	Nei	
• Vassdragsområde?	Nei	
• Kulturminne/-miljø?	Ja	Kap. 4.3.4

Verksemdsrisiko		
Er det i området:		
• Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	Nei	
• Lager med farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	Nei	
Medfører planen/tiltaket:		
• Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	Nei	
• Lagring av farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	Nei	
• Auka risiko eller andre påkjenningar for sårbare bygg, infrastruktur, aktivitetar?	Nei	
Forureining		
Er det i området:		
• Fare for akutt forureining?	Nei	
• Permanent forureining?	Nei	
• Støy og støv (industri, trafikk m.v.)?	Ja	Kap. 4.3.5
• Forureina grunn?	Nei	
• Høgspentlinjer?	Nei	
• Anlegg for avfallsbehandling?	Nei	
Medfører planen/tiltaket:		
• Fare for akutt forureining?	Nei	
• Fare for permanent forureining?	Nei	
• Støy og støv?	Ja	Kap. 4.3.5
• Høgspentlinjer?	Nei	
• Anlegg for avfallsbehandling?	Nei	
Beredskap		
Er det i området:		
• God tilkomst for utrykkingskjøretøy?	Delvis	Kap. 4.3.6
• Tilstrekkeleg sløklevasskapasitet?	Delvis	Kap. 4.3.6
Medfører planen/tiltaket:		
• Behov for nye/auka beredskapstiltak (brann, helse m.v.)?	Nei	Kap. 4.3.6
Infrastruktur		
Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre auka risiko for:		
• Trafikkulykker?	Ja	Kap. 4.3.7
• Manglende kapasitet i kraftforsyninga?	Ja	Kap. 4.3.8

• Manglende kapasitet i tele-/ dataforsyninga?	Nei	
• Manglende kapasitet i VA-system?	Ja	Kap. 4.3.9
Andre forhold		
• Fare for sabotasje/terror?	Nei	
• Fare for annan kriminalitet?	Nei	
• Vatn med fare for usikker is?	Nei	
• Terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup, skrentar m.v.)?	Nei	
• Gruver, opne sjakter, steintippar m.v.?	Nei	

4.3. Risiko for moglege hendingar

4.3.1. Snø- eller steinskred/-sprang

Omsynssoner som viser potensiell ras- og skredfare er lagt inn i plankartet. Sonene er samanfallande med NGU sitt aktsemdeskart over utløpsområde for snøskred. Sonene er svært generelle, og ved dokumentasjon gjennom meir detaljert geolograpport kan det vere mogleg å redusere utløpsområda.

Det kan nemnast at NGI har utarbeidd rapporten "Tonningsetra – Steindalen, Skred og konsekvenser i forbindelse med planlagt skitrekkutbygging" i 2006. Hovudvekta i rapporten er vurdering av skredfarene knytt til utviding av skianlegg i Steindalen med parkeringsareal nord for Tonningsetra, men det er òg gjort vurderinger i høve til eksisterande og planlagd hyttebygging.

4.3.2. Flaum/flaumskred

Erfaringar frå 2011 i Steindøla sitt nedbørfelt, syner at klimaendringar kan føre til flaum/flaumskred. Ekstreme nedbørmengder kan føre til at Vikaelva ikkje tek unna vatnet utan skade langs elva. Det er ikkje lagt inn nye hytteområde i høve gjeldande plan som fører til auka risiko. Det er lagt inn ein buffer mot elva til eksisterande hytteområde F029.

4.3.3. Sårbar flora

Byggeområde for fritidsbustad ved Tonningsetra og Bøasetra kan føre til risiko eller auka påkjenningar for setrane sine naturbeitemarker. Dei to registrerte lokalitetane er difor lagt inn som omsynssone i plankartet.

4.3.4. Kulturminne-/miljø

Byggeområde for fritidsbustad kan føre til risiko eller auka påkjenningar for setrane/stølene i området. Det er difor lagt inn omsynssoner rundt desse i plankartet med tilhøyrande føresegn.

4.3.5. Støy

To eksisterande støykjelder i området er motorkrossbana på Krokane og skytebana på Bøanedsetra.

Støysoner for 70 dBA er lagt inn som omsynssone i planen med føresegn om at det ikkje kan førast opp bustader eller andre støyømtålige bygningar eller uteareal innanfor desse.

Ny hyttebygging planlagd i området vil i seg sjølve føre til støy av betydning for utøvarar av tradisjonelt friluftsliv. Verknader i høve dette er skildra i konsekvensvurderinga for friluftsliv.

4.3.6. Beredskap brann

Sommar:

Tilkomst til kvar enkelt hytte i Hydla og Bøanedsetra. Godt med vatn frå kommunalt vassverk. (Brannkummar i veg).

Tilkomst langs veg frå Vinsrygg til Tverrfjellet.: Ikkje tilkomst til kvar hytte. Sløkkjevatn kun medbrakt på bil og i badedammen. Ikkje brannkummar. Lang innsatstid.

Tilkomst til Ullsheim. Ikkje tilkomst til kvar hytte. Sløkkjevatn medbrakt. Lang innsatstid.

Vinter:

Tilkomst til kvar enkelt hytte i Hydla, og med 4x4 brannbil (ikkje tankbil) til Bøanedsetra.

Kumlokk til brannkummar som regel overfylt med grus, og fastfrosne. Tek lang tid å tine.

Ikkje tilkomst til området ved Lundesetra.

Tilkomst til Ullsheim, men ikkje til kvar hytte. Truleg tilkomst berre til felles parkeringsplassar. Medbrakt vatn. Lang innsatstid.

Konklusjon:

Hyttefolket kan i alle fall vinterstid vanskeleg pårekne tidleg nok hjelp frå brannvesenet til å berge ei hytte som har teke fyr.

Det som er viktigast her, er at røykvarslerar/alarmanlegg er intakt, og at bebuarar får så tidleg varsel at dei kjem seg ut.

Hyttene skal vere utstyrt med pulversløkkjar (ABC-pulver), gjerne fleire. Gassanlegg bør vere montert av fagfolk.

4.3.7. Trafikkulykker

Hovudtilkomstveg til hytteområdet på Bøasetra og Tonning/Vik går gjennom fleire bustadfelt ved Stryn sentrum, og nær 2 skuleområde og idrettshall. Vi har ingen ulykkespunkt langs vegen, men auka hyttetal på fjellet gjev auka trafikk og dermed auka fare for trafikkulykker.

Kapasitetsvurdering av tilkomstvegen til hytteområdet og eventuelle avbøtande tiltak vil verte tema i kommunal planstrategi 2012.

4.3.8. Manglande kapasitet i kraftforsyninga

Manglande nettkapasitet ut og inn i kraftforsyningsområdet har vore ei utfordring, som også er omtala i Energiutgreiing for Stryn kommune 2011. Auke i hyttebygginga i forsyningsområdet vil ved utfall av 60 kV til Bø sekundærstasjon kunne gje utfordringar i forsyninga.

4.3.9. Manglande kapasitet i VA-system

Eksisterande og planlagde hytter i området vil i hovudsak bli knytt til godkjent kommunalt avlaupsnett. Vassforsyning til planlagde hyttefelt er relativt kurant, då hovudvassleidninga passerer i området.

Dei nyaste hyttefelta ved Bøanedsetra og Hydla er kopla til kommunalt avlaupsanlegg. 200 mm leidning er lagt langs Setrevegen og kopla til same leidningsnett som bustadfelta ovanfor sentrum. Anlegget toler ein god del større belastning enn det har i dag. Dei svakaste punkta er samlekummane/pumpestasjon ved Bøanedsetra, samt deler av leidningsnettet gjennom

bustadfelta ovanfor sentrum. Pumpestasjonen kan oppgraderast, medan det kan bli naudsynt å legge ei ny hovudleidning forbi deler av bustadfelta.

Det er viktig at kommunalteknikken i dei private hyttefelta blir planlagt og bygd i samsvar med ein utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggjar.

For området på Tverrfjellet må det finnast løysingar som ikkje fører til ureining av jordsmonn eller vatn.

5. Konsekvensutgreiing

5.1. Forskrift om konsekvensutgreiing

Krav om konsekvensutgreiing er heimla i plan- og bygningslova § 4-2; "For regionale planar og kommuneplanar med retningsliner eller råmer for framtidig utbygging og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planskildringa gje ei særskild vurdering og skildring – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn".

I § 2 i forskrift om konsekvensutgreiingar, sist revidert 1. juli 2009, er det lista opp kva planar og tiltak som alltid skal handsamast etter forskrifa. Planen fell inn under punkt b, kommunedelplanar der det blir lagt ut område for utbyggingsføremål, og skal difor konsekvensutgreiast.

5.2. Utgreiingstema

På bakgrunn av tema fastsett i planprogrammet, samt innspel i høyringa av denne, er følgjande tema omfatta av konsekvensutgreiinga:

- Landskap
- Naturmangfold
- Landbruk
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv

Når det gjeld skytebanestøy vert dette vurdert under ROS-analysen. Markaområde Stryn sentrum, miljøretta helsevern og barn og unges oppvekstvilkår blir vurdert under friluftsliv. Naturmangfold omhandlar både biologisk mangfold og natur. Tilførselsveg frå RV 15 vil bli vurdert i den komande planstrategien og framtidige planar.

Det er nytta følgjande skala til å gradere konsekvensane av planen:

Svært store negative - Store negative - Små negative – Ingen - Små positive - Store positive - Svært store positive.

5.3. Landskap

5.3.1. Eksisterande tilhøve

Det store landskapet i planområdet består av eit delvis inneslutta landskapsrom mellom høge fjell, men med opning mot vest og sør.

Grov planteskog av gran dominerer nedanfor planområdet. I midtre del av planområdet finn ein til dels tettvaksen furuskog opp til høgde med Tonningsetra. På høgde med Vinsryggsetra, på oversida av Vinsryggmorena finn ein større, opne myrflater. Over den tette skogen får ein ganske betydelege areal med glissen furuskog, med fjellform, og lite omfang av bjørkeskog. Mellom Bøanedsetra og Bøasetra finn ein blandingsskog av fure og bjørk.

I den bratte lia nord for Vinsrygg ligg det to parallelle sidemorenergyggar. Morenergyggane er store, spisse og uvanleg velforma, og er av nasjonal verdi. Vinsryggmorena vest for Vikaleva er framleis eit viktig landskapselement, medan det meste av morena aust om Vikaelva er nedbygd av skytebane, skisenteret, parkeringsplassen ved anlegget og eit stort dyrkingsfelt.

Ei anna landskapsform som må nemnast er "Hidehågjen", som ligg i det opne landskapet mellom Øvrebergsetra og Tonningsetra. Det er ikkje planlagt hyttebygging nær denne.

Eksisterande hyttebygging er gjort på noko ulikt vis. Utbygginga ovanfor Bøanedsetra er gjort gjennom høg utnyttingsgrad (om lag 0,5 hytte pr. dekar) og store hytter, der ein har fjerna dominerande tre som landskapselement. Dette har ført til at hyttene har vorte det dominerande landskapselementet. Hyttebygginga ved Øvrebergsetra har lågare utnyttingsgrad (om lag 0,3 hytter pr dekar, og hyttene er mindre og lågare). Dette gjer at området blir i mindre grad dominert av hyttene.

5.3.2. Konsekvensar

I vurderinga av kvar nye hytteområde kan plasserast med minst skadeverknad, er det lagt stor vekt på analyse av landskapsform, vegetasjonstype/høgd over havet, eksponeringsgrad, jf. kapittel 2.1.

Dei planlagde nye hyttefelta er delvis plassert i relativt tettvaksen skog, og vil kunne "kamuflerast" i landskapet slik tilgrensande hyttefelt er utført. Også vegar i terrenget kan verte mindre dominerande.

Hyttefelt F015 og F016 er plassert i område med noko mindre skog og i meir myrlendt terregng. Byggegrunnen kan gjera det vanskeleg å plassere hyttene best mogleg i landskapet, og hyttene kan av den grunn også verte meir dominerande. Ein legg opp til å ikkje berøre Vinsryggmorena med ny hytteutbygging eller vegbygging i tilknytning til slik utbygging.

Framføring av straum kan gjere at hyttene får større betydning som landskapselement ved at lys frå hyttene pregar landskapet.

Slik nye utbyggingsområde er plassert vil dei ha små negative konsekvensar for landskapet.

5.4. Naturmangfold

5.4.1. Eksisterande tilhøve

Omgrepet biologisk mangfold dekker både plante- og dyreriket og naturtyper.

Strynemarka er relativt interessant som leveområde for fleire viltarter. Orrfugl og lirype har ikkje like stor utbreiing i området etter ei betydeleg utbygging. Storfugl (røy og tiur) kan sporadisk registrerast i området, men har lite tilhald aust om Hogden. I planområdet er det registrert hekking av ein sjeldan art av vadefugl, dvergspett samt musvåk i området.

Det er i naturbasen til DN registrert 2 lokalitetar i planområdet med naturtypen naturbeitemark. Kartlegginga har avdekt at naturbeitemarka som omfattar vesentlige deler av Bøasetra er "svært viktig", spesielt på grunn av funn av fleire arter av beitemarkssopp som er karakterisert som sårbare. Naturbeitemarka Tonningsetra vart vurdert som "lokalt viktig" og består av deler av setervollen som enda ikkje har blitt bygd ned av hytter og som fortsett har ein del grasrik beitemark.

Det er elles registrert eitt område med barskog søraust for Svingesetvatnet. Dette er ein fuktig, høgstamma blåbær/småbregne-furuskog som har fått verdi som viktig. Lokaliteten er avmerka med omsynssone i plankartet. Det vil ikkje vere noko konsekvensar for dette området i planframlegget.

5.4.2. Konsekvensar

Beitemarkssoppane og fleire andre kulturlandskapsartar er avhengige av husdyrbeiting. Med aukande tal hytter vil det verte vanskelegare å ha beitande dyr. Så sjølv om naturbeitemarka på Bøasetra og Tonningsetra ikkje får nye direkte inngrep, kan føresetnadane for plantesamfunnet verte därlegare med auka hyttebygging.

Med bakgrunn i gjeldande definisjonar av kvalifisert villmark og villmarksprega natur, vil meir hyttebygging og vegbygging i området ikkje ha verknader på slike verdiar.

Ettersom det allereie er tyngre tekniske inngrep i området vil ikkje planen føre til bortfall av inngrepsfrie naturområder (INON).

Ny planlagt hytteutbygging vil ha små negative konsekvensar for naturmangfald.

5.5. Landbruk

5.5.1. Eksisterande tilhøve

Området er tradisjonelt beiteområde for sau og storfe for gardane i Bø, Tonning og Vik, og gardane på Bergsida. I dag er det ikkje dyrehald i Bø, Tonning eller Vik, men området er framleis nytt av Bergsida beitelag. Eigedomane til Bergsida ligg i det vestlege delen av planområdet, og m.a. Lundesætra, Øvrebergsetra og Vinsryggsætra hører til desse.

Tilkomsten i sommarhalvåret til beiteområdet for grunneigarane er via vegen frå Vinsrygg.

I 2011 var det sleppt 760 sauar og lam frå 7 bruk på Bergsida på beite i området. Dette er ein auke på 27 dyr frå året før. Det kan også vere dyr frå gardar aust for planområdet som beitar i området delar av beitesesongen. Stort sett held dyra seg ovanfor det som er aktuelle hytteområde, men det normale er at dei føl snøkanten og beiter seg oppover etter som graset kjem til. Store tapstal har vore eit problem i dette området.

Når det gjeld skogbruk har det til no vore råd å kome ut i terrenget for å ta ut tømmer når føret har vore høveleg. Spesielt i den sørvestlege delen av planområdet er det ein del skog, for det meste furu, men også litt gran og lauvskog. Det er planlagt og godkjent opprusting av vegen frå Vinsrygg til Vinsryggsetra, som skogsbilveg til heilårsbruk.

5.5.2. Konsekvensar

Dyreeigarar meiner at aktiviteten i området allereie no er av eit slikt omfang at det påverkar dyra si beiteåtferd. Den klassiske konflikten mellom beitebruk og hytte/fritidsbruk er gjerdehald, kven som har ansvar for dette og kvar det skal settast opp gjerde. Korleis dette skal regulerast må avklarast i detaljplanar. Utbygging av områda vil også sjølvsagt fortrenge dyra bort frå dei nedbygde beiteareala, og tilgjengeleg beiteområde vert redusert. Di større område som blir utbygde, di vanskelegare vert det for sauene å kome seg til fjells utan å verte uroa i beitinga. Det kan medføre at dyra søker nedover i skogen og heim til innmark.

Redusert beiting og dyretrakk vil i løpet av få år medføre at det naturlege stinettet blir borte. Likeeins vil ein få auka attgroing av kratt og småskog, noko som vil gjere det vanskelegare å ta seg fram i området, både for turfolk og andre.

Ei utbygging i samsvar med føreslegne plan vil i stor grad redusere det tilgjengelege arealet for beiting. Konfliktar mellom dyreeigarar og hytteeigarar vil truleg oppstå.

Ved aukande hyttebygging blir skogsområda avskorne av hytter, og vegar til hyttene. Det er difor viktig at ein mellom hyttene set av korridorar der det er mogeleg å ta seg opp til skogen med skogsbilvegar og større skogsmaskiner. Vegane til hytte-/skogsområda må vere dimensjonerte for tømmertransport med vogntog. Ein må unngå at skiløyper vert lagde i same traseen.

Det er eit spørsmål om tålegrensa er nådd når det gjeld tilhøvet til beiting i området, og resultatet kan bli at dyrehaldet i området blir avslutta, det vil seie store negative konsekvensar.

Dersom det blir teke omsyn til mogleigheter for uttransport av tømmer/ved gjennom året vil konsekvensane for skogbruket vere små negative.

5.6. Kulturminne og kulturmiljø

5.6.1. Eksisterande tilhøve

Føreliggande registreringar syner eitt automatisk freda kulturminne i planområdet. Dette er eit gravminne frå jernalderen som ligg ved Svingeset. Lokaliteten er avmerka i plankartet med ein ®.

Innanfor planområdet er ni setrar/støler avmerka med omsynssone bevaring kulturmiljø. Felles for desse er at det er gamle og særmerkte stølsområde med kulturlandskap utan større tekniske endringar. Dette gjeld Maursetsetra, Grendasetra, Holsetra, Øvrebergsetra, Lundesetra, Vinsryggsetra (inkludert Ingebrigten), Vikanenedsetra og Tonningnedsetra samt deler av Bøasetra.

Tonningsetra er ikkje avmerka med omsynssone då setra har mista sitt sær preg i og med at det er bygd fleire nye hytter på setra.

Det er ein del bygningar i planområdet som er SEFRAK-registrerte, dette gjeld mellom anna fleire sel og gardsbygningar. Dette er i hovudsak registrerte kulturminne som er eldre enn 1900, men som ikkje er freda. Ein del av desse er bygningar eldre enn år 1850, og er i følgje kulturminnelova § 25 meldepliktige ved riving/ombygging. Dette betyr at kommunen må sende søknad om riving eller vesentlig endring av slike bygningar til vedkomande mynde, som er fylkeskommunen.

Den gamle kyrkjeråsa går gjennom planområdet og er avmerka på plankartet som ein turveg. Råsa går frå Markane, via Lundesetra, om hynnelsbrua (mellan Tonningnedsetra og Vikanedsetra) og vidare langs med gamle setrevegen til kyrkja i Nedstryn.

Den Trondhjemske postveg går gjennom Markane og delvis innafor vestre del av planområdet.

5.6.2. Konsekvensar


Aktuelle nye utbyggingsområde ligg utanfor stølsområda, og det er halde avstand mot utbygging inntil Kyrkjeråsa.

Det vil vere små negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.

5.7. Friuftsliv

5.7.1. Eksisterande tilhøve

Ein stor del av planområdet har status som ”regionalt viktig friluftsområde” i fylkesplan for friuftsliv for Sogn og Fjordane. Ved kommuneplanrevisjonen frå 2006 vart dette området vedteke innsnevra.



Regionalt viktig friluftsområde, kjelde Fylkesatlas

Planområdet inngår også i det vi vil kalle det naturlege Markaområdet til Stryn sentrum. «Marka» som omgrep er nytta på større, samanhengande friluftsområde som grensar inn mot større tettstader og byar. Kommunen har ikkje innført denne statusen for Bøasetra-Ullsheim, men det bør takast med i vurderingane i planen fordi det ikkje finns fullverdige alternativ med like stor betydning for friuftsliv. Strynemarka har liten arealutstrekning. Grensa for det naturlege utfartsområdet i nord er Gullkuppen-Natakupa, i aust Natakupa-Bubergskardet og mot vest Hogden-Svingesetvatnet.

Innfallsportane til ”Strynemarka” er ulike til ulike årstider. I grove trekk vil vi beskrive dei slik: For friuftslivaktivitetar på ski er Stryn Vinterski sitt anlegg med parkering på Bøanedsetra den viktigaste innfallsporten. Dei fleste kører bil opp til parkeringa og går på ski ulike stader i området. Spesielt langs dei mange preparerte løypene. Den nest viktigaste innfallsporten til området vinterstid er Ullsheim i Markane. Mange kører bil frå Stryn sentrum eller andre stader i kommunen og anna omland. Årsaka til oppstart av turen på Ullsheim er at det er tilrettelagt for mange typer aktivitetar for alle aldersgrupper herifrå. Stryn Vinterski sin parkering på Bøanedsetra vert også nytta i barmarkssesongen, men fleire kører då til parkeringsplassar ved Bøasetra og Tonningsetra langs privat, bompengefinansiert veg.

Friuftslivsaktiviteten består i hovudsak av fotturar mot Gryta eller mot Gullkuppen via Holvatnet. Andre driv friuftsliv i fjellpartiet Hogden frå vegen opp til Vinsryggsetra og Lundesetra (vegen er ikkje vinterbrøytt). Ein god del menneske går også opp frå bustadfelta ved sentrum langs vegen til skisenteret og går ut i terrenget ulike stader her oppe.

Den minst nytta innfallsporten til området er kanskje den mest opplagte av dei alle når det gjeld fottur på barmark; nemleg å gå opp frå Stryn sentrum langs Vikaelva, forbi Hynnelsbrua og vidare opp til Tonningnedsetra og vidare opp i terrenget enten mot Vik/Tonningsetra eller til Vinsryggsetra. Denne innfallsporten er mykje nytta av skular og barnehagar i undervisning, men til ålment friluftsliv er dette området sannsynlegvis ikkje teke i bruk i samsvar med det ein skulle forvente utifrå folketalet i området.

Stryn sentrum har to større område som fungerer til nærfriluftsliv og dermed kan nåast utan bruk av bil. Det gjeld området Visnes-Årheimsetra på sørsida av dalen og området Kamben-Bøanedsetra-Tverrfjellet og vidare opp i nærliggande fjellområde. Hogden kan vera eit alternativ til Bøanedsetra-Tverrfjellet, men kan ikkje seiast å ha ein slik funksjon i dag.

I Bøasetra-Ullsheim-området vert det utøvd både idrett, rekreasjon og friluftsliv. I dei godt tilrettelagte løypene for skiaktivitet dominerer idrett og rekreasjon som aktivitet. I skogområdet frå Stryn sentrum opp til Hydla, i området opp mot Gryta og Gullkoppen dominerer det tradisjonelle friluftslivet. Det same gjeld for Hogden.

Dei friluftslivaktivitetane som dominerer i Strynemarka er tradisjonell turgåing til fots og på ski. Skulane og barnehagane utøver friluftsliv i form av leiraktivitet. Området har også vore nytta litt til Mountain Bike. Litt fiske i Vikaelva. Dei mange nye hytteeigarane frå andre deler av Vestlandet, vil kunne setje i gang nye typar aktivitetar. Nokre av desse aktivitetane vil sannsynlegvis krevje ein del tilrettelegging og det kan også verte arealkrevjande.

Bøanedsetra-Tverrfjellet inngår i Strynedalen Nord Småviltjaktområde. Dette er det einaste tilbodet om småviltjakt som er ope og tilrettelagt for ålmenta i Stryn kommune. Alle hytteområda og område med preparerte løyper er ueigna for småviltjakt i dag. Storviltjakta skjer ikkje lenger i setrehøgde, men føregår lågare i terrenget på eit viktig hjortetrekk gjennom området.

5.7.2. Konsekvensar

Eksisterande hytteutbygging mellom Vikaelva og Vinsryggsetra har innsnevra potensialet for utøving av tradisjonelt friluftsliv i betydeleg grad. På austsida av Vikaelva er området tett utbygd med hytter og anna infrastruktur. Stiane opp langs vestsida av Vikaelva er uforandra, men med hytter i kort avstand frå stiane. Bruksverdien er dermed redusert.

Mellom Vinsryggsetra og Vikaelva er det i dag ein korridor fri for hyttebygging. Gjennom dette området har Turløyper Stryn ein av sine mest brukte skiløypestrekningar, over til Tverrfjellet. Parallelt med denne i sør går ein turveg, som tidlegare fungerte som kyrkjeveg mellom Markane og Strynedalen. Turvegen er lite nytta på einskilde strekningar.

Området sin bruksverdi for rekreasjon og idrett er, i motsetnad til det tradisjonelle friluftslivet, svært godt ivaretake fram til i dag. Tilrettelegginga med skiløyper om vinteren og trimaktivitet på "flisløypene" i barmarkssesongen har veldig stor betydning for mange brukarar.

Det nye framlegget til revisjon av kommunedelplanen for Bøasetra-Ullsheim legg opp til ein høg utnyttingsgrad av området til hyttebygging på bekostning av friluftslivet. Om vi slår ein sirkel som omfattar alle byggeområda på Bøasetra, Tonning-/Viksetra og Tverrfjellet, vil mindre enn 40 % av arealet ligg igjen som LNF-område. Ein del av dette arealet kan tene friluftslivet på ein reelt god måte, men med såpass stor utnyttingsgrad som det er lagt opp til, vil ein risikere at området tiltenkt friluftsliv ikkje lenger er funksjonelle.

Med den nye planlagde utbygginga av hytter vil den opne, hyttefrie korridoren mellom Tverrfjellet og Vikaelva verte sterkt innsnevra. Det som er lagt igjen som LNF-område vil i liten grad vera eigna til utøving av allsidig friluftsliv, men vil gjera at ein framleis har ein open korridor frå Stryn sentrum opp til det opne fjellområdet ovafor byggefelta. Bruken av denne korridoren, som alternativ til tapte bruksområde i andre delområde, er avhengig av ein del tilrettelegging som til dømes stiar.

Konsekvensen av den nye vegen til hyttefelta F020, F019 og F013, saman med hyttebygginga, kan verte at fleire potensielle friluftslivutøvarar finn området uinteressant, på grunn av nærleiken til hyttene og alle inngrepa i området. Alternativ trase for å gå tur opp i fjellområdet er då via Tverrfjellet og gjennom tilrettelagt løpenett nordover.

Hytteområdet F013 vil legge beslag på svært store areal i øvste barskogbandet inn mot snauare fjellområde. I dette området er det i dag eit svært stort potensiale for mange friluftslivaktivitetar. Dette er ein del av kjerneområdet for friluftsliv i dag. Tapet av området vil vera betydeleg. Dei tilrettelagte skiløypene går utanom og vert ikkje berørt. Verknaden av hyttebygging i område F013 vert noko redusert ved at ein slettar planlagt hyttefelt Vik/Tonning. Dette feltet låg som ein "satellitt" i eit elles urørt område og ville saman med F013 føre til at også dei tilrettelagte skiløypene stort sett berre gjekk langs hyttefeltgrenser.

Hyttefeltet F012 på Tverrfjellet vil ha negativ betydning for friluftslivet ved at det snevrar inn den hyttefrie korridoren nord-sør, men tapet av areal er mindre enn for områda austover mot Vikaelva og ein unngår nærføring til eksisterande turtrasear (kyrkjevegen og skiturløypa).

Hyttefelta F005, F006 og F007 ligg nært inn til det store hyttefeltet vest for vegen til Øvrebergsetra og mellom dei oppkøyrd turløypene i området. Skal friluftslivet få behalde ein del av kvalitetane i desse små felta er det viktig å unngå for mange hytter i kvart område.

Ein konsekvens av framlegget til ny hyttebygging på Bøasetra-Tverrfjellet er at vi må endre grense for regionalt viktig friluftsområde. Eit eventuelt framtidig Markaområde til Stryn sentrum vert også berørt av dette.

For utøvarar av idrett og rekreasjon vil den nye hyttebygginga det er lagt opp til i moderat grad forringje bruksverdien. For denne målgruppa har dagens utbygging erfaringsvis fungert godt, og vil venteleg også gjera det med utbygging etter den nye planen. Mest negativt er at ein får parallelføring av skiløype/flisløype og tilførselsveg til hyttefelt. Naturopplevinga vert mindre av dette. I høve hyttene er det lagt inn ei buffersone langs skiløypene for å ta vare på løypekvaliteten.

Dess fleire hytter som vert bygd i området, dess fleire potensielle betalarar får ein til å dekke utgiftene med å opparbeide og preparere turløyper for skigåing. Vi kan dermed rekne med eit betydeleg oppsving både for rekreasjons- og idrettsaktiviteten i alpinanlegget og i langrennsskitraseane etter at hytteutbygginga er fullført.

Med den vidare utbygginga som er planlagt vil moglegheita for småviltjakt verte noko därlegare.

Hytteutbygginga det er lagt opp til i framlegg til plan har ein potensiell kapasitet på rundt 950 hytter og seterhus. Sett i høve til storleiken på naturleg friluftsliv- og rekreasjonsområde er dette veldig tett utbygging. Vi må rekne med at ein stor del av hytteigarane har ulike typar aktivitetar i friluft når dei er på hytta. Og dei fleste vil nytte sitt nærområde. I høgtider som påske og fellesferie om sommaren kan det bli slik for mange at dei må gå langt, eller i verste fall køyre langt for å kome til den ro og avslapping som dei etterlyser når dei er på ferie. For den som eig hytte i området kan dette verte negativt. Men like

negativt kan det verte om det råkar den fastbuande i Stryn sentrum, som etterspør friluftslivområde i det same fjellpartiet.

Med full utnytting av det arealet som no er avsatt til hyttebygging får vi eit hyttetal i området der vi ganske sikkert har nådd eit metningspunkt. *Nye hyttefelt må leggast til nye område, med andre og større friluftsområde i nærmiljøet.*

Planlagt hyttebygging får *svært store konsekvensar* for det tradisjonelle friluftslivet. Markaområdet til Stryn sentrum vert på det nærmeste avsnørt mellom Vinsrygg og Bøanedsetra, og berre god tilrettelegging kan gjera det mogleg å halde ved like turmogleheitene mellom Stryn sentrum og fjellpartiet overfor planområdet. Det er likevel svært viktig at ein beheld ein mindre korridor mellom hyttefelta der det er mogleg å leggje til rette for det tradisjonelle friluftslivet som erstatning for løyper som ikkje lenger vert attraktive..

Med dei nye hyttefelta som er lagt inn i planane, vil vilkåra for idrett og rekreasjon i dei tilrettelagte løypene lite forringa, ved at ein får eit større brukspotensiale gjennom fleire hytteeigarar, mot at ein motsatt veg får noko redusert kvalitet på løpenettet ved at dei går i hyttefelt, og stadvis har parallellføring til veg.

5.8. Samanstilling av konsekvensvurderinga

Samanstilling av konsekvensar ut frå konsekvensutgreiinga:

Tema	Konklusjon
Landskap	Små negative
Naturmangfold	Små negative
Landbruk	Store negative (beite)/små negative (skogbruk)
Kulturminne og kulturmiljø	Små negative
Friluftsliv	Svært store negative

Innspela kommunen har fått til planarbeidet speglar dei to hovudinteressene i planområdet; hyttebygging mot friluftsinteresser.

Sett frå friluftsinteressene sin ståstad nærmar planframlegget seg tålegrensa for ein fleirbruk. Konsekvensutgreiinga og ROS-analysen, vedlagt planframlegget, gjev til kjenne kva konflikt planframlegget utløyser.

Det er i planframlegget lagt vekt på å bevare det relativt flate, og meir eksponerte arealet mellom Tonningsetra og Hogden.

Som ein konsekvens av planframlegget er det regionalt viktige friluftsområdet (H530_10) som låg i kommuneplanen 2006-2015 endra. Grensene for området er trekt slik at dei nye byggeområda F013, F014 og F015, saman med alle eksisterande og nye byggeområde på Tverrfjellet vert liggande utanfor friluftsområdet.

5.9. Naturmangfaldlova

Som planmynde er kommunen forplikta til at alle saker som berører naturmangfaldet skal vurderast etter Naturmangfaldlova (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Omsyn til naturmangfaldet er vurdert i landskapsanalysa, ROS-analysa og konsekvensutgreiinga. Som ein følgje av dette er nokre moment teken inn i føresegnene og retningslinene til planen.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) i planområdet er vurdert som tilstrekkeleg, så det er ikkje behov for å ta i bruk føre-var-prinsippet (§ 9).

Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal ein påverknad av eit økosystem vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for.

Konsekvensutgreiinga for planen syner at konsekvensane for naturmangfaldet vil vere små negative. Dersom ein tek omsyn til at det er planlagd fritidsbustadar på relativt store areal i planområdet vil truleg den samla belastninga for området bli høgare.

§ 11 i NML seier at ”kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver”. Tiltakshavar kan påleggast tilbakeføring av terrenget etter inngrepet mot mest mogleg naturleg tilstand. Dette prinsippet er teken inn i dei generelle føresegnene til planen.

I § 12 i NML står det følgjande om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: ”For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater”. Utbyggingsområde for fritidsbustadar er ikkje samanfallande med omsynssoner for friluftsliv, landskap eller naturmiljø.

6. Politisk handsaming

6.1. Vedtak i Formannskapet 07.12.11

Formannskapet behandla rådmannen sitt framlegg til revidert plan (datert 29.11.11) på møte 07.12.11. Saka blei sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing/sakshandsaming med følgjande punkt:


- Talet på hytter vert auka (150 – 200 hytter)
 - Finne ei bedre løysing for korridorproblematikken
 - Ta inn att felt IV frå gjeldande kommunedelplan- Tonning/Vik

6.1.1 Justert planframlegg

Auke av tal hytter

Ein har auka talet på nye hytter i området både ved å ta i bruk nye område for utbygging, og ved å opne for høgare utnyttingsgrad i nokre felt.

Auken av areal er gjort der det er innspel/ønskje om byggeareal. Etter endringa har grunneigarar i større grad fått innfridd sine innspel om utbyggingsareal. Alle nye areal er plassert frå Tverrfjellet og austover. Dette området såg slik ut i rådmannen sitt opphavlege planframlegg:



Auka byggeareal er plassert ved utviding av byggeområda på Vinsrygg (områda F012 og F015), på Tverrfjellet (områda F005, F006, F007, F009 og F011, samt Vik (områda F013, F014 og F032). Dette aukar potensialet for nye hytter med ca. 125.

Dei områda som har fått høgare utnyttingsgrad er områda F010 og F012. I føresegnene er utnyttingsgraden føreslege auka frå 0,35 hytter pr. dekar til 0,50 hytter pr. dekar. Dette aukar potensialet med 30 hytter.

I sum er potensialet for tal hytter i området auka med 155 i høve rådmannen sitt opphavelege planframlegg, frå 1000 til 1155 hytter. Når felt IV Tonning/Vik i tillegg blir teke inn att i planen, er det teoretiske potensialet i planområdet på 1181 hytter.

	Dagens tal hytter	Ubygde hytter etter gjeldande plan	Nye tomter i denne revisjonen	Potensiale: Utbygging etter revisjonen
Tverrfjellet/Vinsrygg (F001-F012 + setrene)	70	175	112	357
Vik/Tonning (F013-F020, F027, F028, F031 og F032)	83	60	264	407
Bø (F021-F026, F029-F030, Bøasetra)	180	95	0	275
Ullsheim (F040-F048)	32	95	15	142
Sum	365	425	391	1181

Tabellen er utarbeidd etter same mal som den opphavlege i kapittel 3.4.

Korridor ved ski-/turløyper

Formannskapet vedtok at administrasjonen skulle finne ei betre løysing for korridorproblematikken. I dette ligg det eit ønskje om smalare buffer frå løypene til hytteområda, slik at meir areal kan nyttast til hyttebygging.

Avstanden frå stiar og løyper til hytteområda varierer. I nokre område har ein nytta gjeldande reguleringsplan, i andre har ein gjort innmålingar av terrenget der terregngformer tilseier ein særskilt avstand mellom løype og hyttefelt. Dette siste er særleg tilfelle for løypa som går sør for område F013.

Som følgje av vedtaket er korridorar gjort smalare for nokre løyper og stiar. Døme på avstandar i revidert planframlegg:

- | | |
|---|---------------|
| Løypa mellom Bøanedsetra og Tverrfjellet: | 2x15 – 2x50m |
| Vegen frå Vinsryggsetra – Tverrfjellet: | ca 2x15 meter |
| Løypa mellom F008 og F009: | ca 2x10m |
| Mellom ulike felt på Tverrfjellet: | ca 2x15 m |
| «Kyrkjeråsa»: | 2x6 - 2x13m |

Felt IV – Tonning/Vik

Felt IV Tonning /Vik hyttefelt ligg i gjeldande plan frå 2006. Dette området var opphavleg teke ut fordi det i følgje landskapsanalysa er plassert i eit område som ut frå landskapsomsyn bør skånest for utbygging.

I samsvar med formannskapet sitt vedtak hytteområdet igjen teke inn i planframleggget, som F031. på grunn av den eksponerte plasseringa av feltet, har rådmannen gjort framlegg om noko lågare utnyttingsgrad for dette feltet enn dei andre felta, 0,25 hytter pr. dekar. Dette gjev feltet eit potensiale på 26 hytter. Dette talet kjem i tillegg til auken på 155 hytter.

6.1.2 ROS

Ved å legge ut enda fleire område til fritidsbustadar vil ein auke utbyggingsarealet.

Ut frå gjennomført ROS-analyse på det som er lagt ut som framtidig utbyggingsområde kan ein ikkje sjå at dei nye hytteområda vil auke den potensielle risikoen og sårbarheita for planområdet. Ein visar elles til ROS-analysa, jamf. kap. 4.

Største utfordring for det auka talet hytter vil gjelde infrastruktur og tilkomstveg, jamfør kapittel 2.2.

6.1.3 Konsekvensutgreiing

Det blir vist til konsekvensutgreiinga kapittel 5. Konsekvensane ved å leggje ut ytterlegare areal til fritidsbustadar er vurdert i høve dei ulike utgreiingstema:

- Landskap
- Naturmangfold
- Landbruk
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv

Landskap

Auka tettheit av hytter og utviding av hyttefelte, slik det er lagt opp til, vil gje store negative konsekvensar i høve landskapet. Dette skjer fordi det må byggast tettare, og hyttene vert dermed vanskelegare å kamuflere i terrenget. På den måten vil hytter dominere over alle naturelement som blikkfang for den som går i området. Spesielt vil ein merke dette i øvre del av felt F013. F031 ligg i eit svært ope terreg og hyttene vil dominere som landskapselement. Vinsryggmorena vil også verte prega av dette hyttefeltet i bakkant.

Konsekvensen vil auke frå Små negative til Store negative,

Naturmangfold

Dei nye tilrådde hyttefelte i tråd med vedtak i formannskapet vil ikkje berøre omtalte område med stort biologisk mangfold direkte. Men det auka talet med hytter i området vil til dømes beitemarkssopp få dårlegare vilkår på grunn av manglande husdyrbeiting.

Dei negative konsekvensane vil auke, men framleis små negative konsekvensar.

Landbruk

Ved å bygge ut heile området mellom Vinsryggmorena og setrevegen frå Vinsrygg, stengjer ein den korridoren som kunne vore nytta som «ferdselsåre» for husdyr som beitar seg opp gjennom utmarka. Dersom hyttefeltet vest for vegen også blir fortetta, er det berre setrevegen som kan nyttast til flytting av dyr til og frå beite. Tilgjengeleg beiteareal vert også redusert. I praksis kan området verte ueigna for beitedyr.

Konsekvensane for landbruk vert etter dette alternativet svært store negative.

Kulturminne og kulturmiljø

Fortetting i fleire hyttefelt og til dels utviding av hyttefelt vil redusere verdien av fleire stølsområde som kulturmiljø. Kyrkjeråsa vil få sterkt redusert opplevingsverdi fordi det kjem hytter på begge sider av råsa langs ei lang strekning, og fleire tilførselsvegar vil krysse råsa.

Konsekvensen vert endra frå små negativ til stor negativ.

Friluftsliv

Tillegget på ca. 155 hytter utover første planframlegg vil fjerne fleire av dei små felta der tradisjonelt friluftsliv framleis kunne utøvast og fjerne korridoren mellom Stryn sentrum og Gulkoppen med tanke på eit eventuelt framtidig Markaområde. Å ta inn i planen igjen område F031, samt å heve grensa for hyttebygging i F013 vil gje lite spelerom for tradisjonelt friluftsliv med utgangspunkt frå Tverrfjellet og Vik/Tonningsetra.

Det preparerte skiløypenetet får mindre buffersoner mot hyttefelt fleire stader, slik at aktivitet langs desse løypene i stor grad vil opplevast som å gå i byggefelt meir enn å gå i natur.

Det utvida løypenetet er ein direkte konsekvens av hytteutbygging. Nye løyper/stiar er positivt for uteaktivitet.

Konsekvensen Svært store negative vert ståande som høgste grad av konsekvens.

6.1.4 Oppsummering

Samanstilling av konsekvensar etter revidert planframlegg

Tema	Konklusjon
Landskap	Store negative
Naturmangfold	Små negative
Landbruk	Svært store negative (beite)/små negative (skogbruk)
Kulturminne og kulturmiljø	Store negative
Friluftsliv	Svært store negative

Augen på tal hytter medfører større konsekvensar på alle utgreiingstema.

6.2. Vedtak i Formannskapet 16.05.12

Formannskapet behandla innkomne merknader etter offentleg gjennomsyn i sak FO 077/12. Blant merknadene var ei motsegn frå Fylkesmannen. Fleire endringar av planen vart vedtekne, og revidert plan må på nytt leggast ut til offentleg gjennomsyn.

6.2.1 Endringar av planen i revisjon B

I samsvar med vedtaket i sak 077/12 er plankart og føresegner justert.

Plankartet er endra på følgjande punkt:

- a. Område F031 er teke ut av planen
- b. Det er oppretta ein korridor mellom områda F011/F012 og F015/F032
- c. Område F013 er mot nordvest redusert med 52,2 daa.
- d. Kyrkjeråsa mellom Vikaelva og Tverrfjellet er lagt i ei omsynssone på ca 20 meters breidde.
- e. Det er lagt omsynssone rundt setrevollen på Tonningssetra. Denne påverkar ikkje utbyggingspotensialet i gjeldande reguleringsplan for Tonningssetra.
- f. Avgrensinga av område F004 er trekt noko sørover, slik at korridoren mellom område F004 og F008 er på 2 x 21 meter.
- g. Mindre justeringar er gjort i område F003 og F005.

Føresegnerne til planen blir endra på følgjande punkt:

- a. Utnyttingsgrad i områda F010 og F012 er endra frå 0,5 til 0,35 hytter pr. dekar.
- b. I føresegner til omsynssone- bevaring av kulturmiljø er teke inn krav om at tiltak som medfører endring på, eller fare for øydelegging eller skjemming av SEFRAK-registrerte bygg skal leggast fram for fylkeskommunen til vurdering.

Desse tiltaka reduserer utbyggingsarealet for hytter med 256 dekar. Samla utbyggingspotensiale blir redusert med om lag 130 hytter i høve til forrige planframlegg.

6.2.2 Konsekvensutgreiing

Det er gjort ei enkel vurdering av i kva grad dei siste endringane påverkar tidlegare konsekvensanalyser:

Landskap

Med eit redusert totalomfang av hytter, og størst endringar gjort i dei mest sårbare område, vurderer rådmannen konsekvensgraden for landskapet no er tilbake til det nivå som vart sett i rådmannen sitt opprinnelege framlegg.

Konsekvensen er redusert frå Store negative til Små negative.

Naturmangfold

Uendra.

Landbruk

Gjenoppretting av ein korridor mellom Vinsryggmorena og setrevegen frå Vinsrygg, er eit positivt bidrag, sjølv om korridoren er ein del smalare enn i rådmannen sitt opprinnelege framlegg.

Fortettinga vest for setrevegen er reversert.

Konsekvensane for landbruk vert redusert frå svært store negative, men er framleis store negative.

Kulturminne og kulturmiljø

Konsekvensen for kulturmiljø vart etter forrige planendring skalert opp, på grunna av omsyn til kyrkjeråsa, samt fortetting og utviding av fleire hyttefelt. Med omsynssone langs kyrkjeråsa og kring Tonningsetra, og med redusert omfang av hyttebygging, vurderer vi konsekvensane til å vere tilbake på same nivå som i opprinnelig framlegg. Konsekvensen vert endra frå stor negativ til små negativ.

Friluftsliv

Konsekvensane for tradisjonelt friluftsliv var allereie i rådmannen sitt framlegg vurdert som svært store negative, og får dermed ikkje endra nivå i dette planframlegget.

Vi tek med formannskapet sitt innspel om at eit utvida løpenettet er ein positiv konsekvens av hytteutbygging, og at nye løyper og stiar er positivt for uteaktivitet.

6.2.3 Oppsummering

Samanstilling av konsekvensar etter revidert planframlegg datert 21.05.12

Tema	Konklusjon
Landskap	Små negative
Naturmangfold	Små negative
Landbruk	Store negative (beite)/små negative (skogbruk)
Kulturminne og kulturmiljø	Små negative
Friluftsliv	Svært store negative

6.3. Vedtak i Formannskapet 05.12.12

Formannskapet behandla innkomne merknader etter 2. gongs offentleg gjennomsyn i sak FO 230/12. Følgjande vedtak vart gjort:

- "1. Framlegg til kommunedelplan for Bøasetra – Ullsheim blir endra i samsvar med rådmannen sine tilrådingar, vist på revisjon C av plankartet dagsett 24.10.2012.
- 2. Kommunedelplanen utarbeidast slik at det gis prioritet for å bygge på 68 stk tomter på Hydla II, slik som tidligare godkjent til framlegg for offentlig gjennomsyn den 21/8-12.
- 3. Reviderte plandokument blir å legge ut til eit avgrensa offentleg gjennomsyn i 6 veker. Uttale skal innhentast frå offentlege instansar som er råka av dei siste endringar."

Til møtet låg føre eit planframlegg kalla revisjon C, som illustrerer nokre av endringane. Nytt plankart og planhefte med revisjonsbokstav D, fangar også opp endringar som følgjer av punkt 2 i vedtaket.

6.3.1 Endringar av planen i revisjon D

Plankartet er endra på følgjande punkt:

- Område F005 er utvida frå 15,2 til 20,4 dekar. Mindre justering av skiløypa.
- I område F007 er 5,8 dekar flytta frå vestre til austre del av feltet.
- F014 og F032 er trekt saman til eit samanhengande byggjeområde, samt at nordre avgrensing av byggjeområda er trekt noko nærrare turløypa. I sum utgjer dette ein auke av byggjeareal på 10 dekar.
- Endra utforminga av område F013:
 - utviding mot nord, herav 52 dekar som kompensasjon for uttaket av 104 dekar i F031 (tidlegare felt 4 som ligg i gjeldande plan).
 - reduksjon av areal på midtre del av F013 (-15 daa)
 - Mindre justeringar i søndre del av F013 (+ 5 daa)
- Samla justeringar i revisjon D medfører ein auke i utbyggingsareal på 65 daa.

Endring i **føresegnene** til planen:

- Endra ordlyd i punkt 2A, vedrørende utnyttingsgrad:
"I område for fritidsbustad kring Tverrfjellet skal utnyttingsgraden ikkje overstige eit gjennomsnittstal på 0,35 hytter pr. dekar, og storleiken på kvar hytte skal vere maksimalt 120 m² BRA. Dette gjeld områda F001 - F012. (For øvrige område må maksimal storleik på hyttene fastsetjast i reguleringsplan.)

For øvrige område for fritidsbustader (F013 – F048) skal utnyttingsgraden ikkje overstige eit gjennomsnittstal på 0,50 hytter pr. dekar. Unnatak frå denne regelen:

- Område som allereie er omfatta av gjeldande detaljplan med anna utnyttingsgrad og maksimal hyttestorleik.
- Den del av område F013 som ligg på gnr.46 bnr.113 kan utbyggast med inntil 68 hyttetomter, jamfør framlegg til reguleringsplan for Hydla 2 utlagt til offentleg gjennomsyn 21.08.12."

Oppsummering

Framlegg til kommunedelplan som var utlagt til 2. gongs offentleg gjennomsyn hadde eit teoretisk potensiale på 1051 nye hytter. Revisjon D av planen har auka dette talet til 1097. Mykje av auken har samanheng med forhandlingar med sikte på å sikre avtalar for allmenn bruk av friluftslivsområde og løpenett. Dette arbeidet vil også bli følgt opp vidare etter godkjenning av kommunedelplanen.

6.4. Vedtak i Kommunestyret 25.02.13

I samband med behandling av innkomne merknader etter 3. gongs offentleg gjennomsyn hadde Rådmannen lagt til følgjande under pkt. 8 i føresegnene: *I tillegg til NGU sine aktsemeldskart må ein vurdere NGI sine stein- og snøskredkart der desse er utarbeidd.*

Formannskapet vedtok Rådmannen si tilråding med følgjande endring under pkt. 1C siste ledd: *Naturinngrep over 550 m.o.h. som er synlege på barmark skal ikkje gjennomførast. Unntaket frå denne hovudregelen er panoramaløypa som går frå Holsetra via Grendesetra mot Hornindal kommune. Det kan i denne traséen gjerast tiltak som ikkje verkar skjemmande i barmarks sesongen. Større tiltak krev godkjenning før iverksetting.*

Kommunestyret vedtok planen med desse endringane 25. februar 2013 – KS-006/13.



Stryn kommune Kommunedelplan for Bøasetra – Ullsheim

Føresegner og retningslinjer

Føresegner og retningslinjer gjeld for område innanfor planavgrensing i plankartet og er heimla i lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71 (Plan- og bygningslova – PBL). Juridisk bindande føresegns er ramma inn, dei andre er retningslinjer. Retningslinene er ikkje juridisk bindande, men er av forklarande og rettleiande karakter og skal leggjast til grunn ved vidare planlegging og sakshandsaming.

Tidlegare godkjende reguleringsplanar skal framleis gjelde så langt dei ikkje er i strid med kommunedelplanen.

Arealføremål i kommunedelplanen:

- Bygningar og anlegg (PBL § 11-7 2.ledd nr.1)
 - Fritidsbusetnad
 - Råstoffutvinning
 - Nærings bygningar
 - Idrettsanlegg
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 11-7 2.ledd nr.2)
 - Parkering
- Landbruks-, natur- og friluftsforemål (PBL § 11-7 2.ledd nr.5)
 - LNF-føremål
 - LNF-føremål med spreidde bustader
- Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 11-7 2.ledd nr. 6)
 - Drikkevatn
 - Friluftsområde

Omsynssoner i kommunedelplanen:

- Sikringssoner (PBL 11-8 a)
 - Nedslagsfelt drikkevatn
- Støysoner (PBL 11-8 a)
 - raud sone etter rundskriv T-1442
- Faresoner (PBL § 11-8 a)
 - Ras- og skredfare
- Sone med særlige omsyn (PBL § 11-8 c)
 - Friluftsliv
 - Landskap
 - Bevaring naturmiljø
 - Bevaring kulturmiljø

GENERELLE FØRESEGNER

1 Miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur (PBL § 11-9 nr. 6)

A. Miljøkvalitet

Fritidsbustader skal lokalisert slik at dei tek i vare grenseverdiane for støy i T-1442 ”Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging”. Støysituasjonen og eventuelle avbøtande tiltak skal dokumenterast i samband med regulering eller ved søknad om tiltak.

B. Estetikk

Det skal planleggjast for ein heilsakleg arkitektur innanfor kvart hyttefelt og prinsippet om god arkitektur skal følgjast.

Bygg skal utformast og i høgde plasserast slik at dei i størst mogleg grad følgjer terrenghanda, tek opp naturlege høgdeskilnader og gjev minst mogleg endring i eksisterande terrenghandsaming skal dokumenterast i reguleringsplan med snitt som viser plassering i terrenghandsaming og inngrepet i terrenghandsaming før og etter tiltaket.

Den nye bygnaden må kunne innpassast i og underordne seg eksisterande struktur når det gjeld bygningshøgd, uteareal, volum, grad av utnytting mv.

C. Natur, landskap og grønstruktur

Inngrep i naturen skal avgrensast mest mogleg. Ved lokalisering og utforming av tiltak på det einskilde felt, skal det takast omsyn til naturelement som for eksempel naturleg vegetasjon, kollar og bekkedrag, bygg skal til dømes ikkje plasserast oppe på kollane.

Ved utbygging skal det takast vare på mest mogleg av eksisterande vegetasjon og vegetasjonslag. Terrenghandsaming skal som hovudregel re-vegeterast med naturleg vegetasjon ved bruk av innblanding av eksisterande vegetasjonsdekke i vekstlaget. Ein skal nytte stadeigne arter ved tilplanting.

Naturinngrep over 550 m.o.h. som er synlege på barmark skal ikkje gjennomførast. Unntaket fra denne hovudregelen er panoramaløypa som går frå Holsetra via Grendesetra mot Hornindal kommune. Det kan i denne traséen gjerast tiltak som ikkje verkar skjemmande i barmarksesongen. Større tiltak krev godkjenning før iverksetting.

Ein kan opparbeide og preparere skiløyper i planområdet med motorkøyretøy. Løypene kan nyttast av ålmenta til konkurransar og til ervervkøyring i medhald av nasjonal føresegns til motorferdselslova.

FØRESEGNER OG RETNINGSLINER FOR EINSKILDE OMRÅDE

2 Bygningar og anlegg

A. Fritidsbusetnad (PBL §§ 11-9 nr. 1, 4, 5, 6 og 11-10 nr.1)

Føremålet gjeld byggjeområde sett av til fritidsbustadar med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og fellesareal. Omfattar område F001-F032 og F040-F043 og F045-F048.

For ein del område avsett til framtidig fritidsbusetnad skal det utarbeidast reguleringsplan (detaljregulering) før tiltak som krev søknad og løyve etter PBL §§ 20-1 og 20-2 vert tillate. Plankravet gjeld for følgjande område: F004, F005, F006, F007, F009, F010, F012, F013, F014, F015, F019, F020, F029, F030, F032, F040, F041, F043, F045, F046 og F048

Tilbygg og ombygging av eksisterande hytter og nybygg på tidlegare frådelte tomter er unntake plankravet, der høve til lovverk er ivareteke.

Kommunen ved kommunestyret kan krevje ein utbyggingsavtale mellom utbyggjar og kommunen, jf. PBL § 17-2.

Kryssing av skiløyper

Dersom vinterbrøyta vegutløysing av godkjende hytteområde krev kryssing av preparerte skiløyper i markerte løypetraséar i planområdet, skal dette skje ved at køyrevegen blir lagt under skiløypa ved bruk av undergang/bru. Teknisk løysing skal gå fram av reguleringsplan.

Utnyttingsgrad

I område for fritidsbustad kring Tverrfjellet skal utnyttingsgraden ikkje overstige eit gjennomsnittstal på 0,35 hytter pr. dekar, og storleiken på kvar hytte skal vere maksimalt 120 m² BRA. Dette gjeld områda F001 - F012. (For øvrige område må maksimal storleik på hyttene fastsetjast i reguleringsplan.)

For øvrige område for fritidsbustader (F013 – F048) skal utnyttingsgraden ikkje overstige eit gjennomsnittstal på 0,50 hytter pr. dekar. Unnatak frå denne regelen:

- Område som allereie er omfatta av gjeldande detaljplan med anna utnyttingsgrad og maksimal hyttestørleik.
- Den del av område F013 som ligg på gnr.46 bnr.113 kan utbyggast med inntil 68 hyttetomter, jamfør framlegg til reguleringsplan for Hydla 2 utlagt til offentleg gjennomsyn 21.08.12.

Det skal utarbeidast felles reguleringsplan for følgjande område:

- F006 og F007.
- F014, F015 og F032.
- F019 og F020.

B. Råstoffutvinning

Føremålet gjeld byggjeområde sett av til råstoffutvinning med tilhøyrande vegar, bygningar og anlegg. Omfattar masseuttaket ved Lida, RÅ01.

C. Næringsbygningars

Føremålet gjeld område sett av til næringsverksemd med tilhøyrande tekniske anlegg, vgar, parkering og anna fellesareal. Omfattar sagbruket på Flore, N001 og N002.

D. Idrettsanlegg

Føremålet gjeld byggjeområde sett av til idrettsanlegg med tilhøyrande vgar, bygningar og anlegg. Omfattar skytebana på Bøanedsetra, ID01, Stryn skisenter, ID02, ID03 og ID04, motorkrossbana på Krokane, ID09, og Ullsheim, ID20.

3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

A. Parkering

Føremålet gjeld område avsett til parkering på Tverrfjellet, ved Stryn skisenter, ved Bøasetra og Vik-/Tonningsetra.

4 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF)

A. LNF-føremål (PBL § 11-11 nr. 1)

Føremålet gjeld område for landbruk, natur og friluftsliv.

I LNF områda er det bare tillét å føre opp bygningar og anlegg i samband med stadbunden primærnæring. Inn under stadbunden primærnæring vert rekna næringsverksemd basert på garden sine eigne ressursar.

Bygningar og anlegg kan førast opp etter enkeltvise søknader på følgjande vilkår:

1. Det kan gjevast løyve til naudsynte tiltak for landbruket og gardstilknytta næringsverksemd.
2. Nye bygg skal primært plasserast i tilknyting til driftssenteret og bygningsmessig gli inn som ein del av den eksisterande tunskipnaden. Unntak gjeld for samdriftsfjøs.
3. Det kan gjevast løyve til mindre tiltak knytt til eksisterande bustadhus (våningshus). Mindre tiltak er tilbygg, påbygg, frittståande uthus/garasje og mindre anlegg som hører til bustaden/tunet.

B. LNF-føremål med spreidde bustader (PBL § 11-11 nr. 2)

Føremålet gjeld område sett av til landbruk, natur og friluftsliv, der spreidd busetnad er tillate. Omfattar eit areal på Hatledal, LNFB01.

I dette området er det tillate med frådeling og bygging for spreidd bustadbygging. Det kan oppførast inntil 4 bustadhus. Løysing for vatn og kloakk skal vere avklart før bygging tek til.

5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

A. Drikkevatn

Føremålet er drikkevasskjelde med vedtekne klausular for bruk. Omfattar Holvatnet, DRV01.

Drikkevatnet med nedslagsfelt er markert i plankartet med omsynssone og har eigne føresegner.

B. Friluftsområde

Føremålet er generelt friluftsområde i sjø og/eller i strandsona. Omfattar Svingesetvatnet, FRV01, samt mindre vatn i planområdet.

FØRESEGNER OG RETNINGSLINER TIL OMSYNSSONER

6 Sikringssone for drikkevatn (PBL § 11-11 nr. 3)

Sikringssone for sikring mot forureining av vann som er drikkevatn. Omfattar Holvatnet med sitt nedslagsfelt, H110_01.

Holvatnet er klausulert etter gjeldande forskrift om vassforsyning og drikkevatn (Drikkevassforskrifta). Tiltak i området må vera i samsvar med klausuleringen.

7 Støysoner (PBL § 11-9 nr. 6)

Omsynssone for sikring mot fare og støy frå skytebane. Skytebana på Bøanedsetra, H210_01, og motorkrossbana på Kroken, H210_02, med tilhøyrande anlegg og sikringssone vert synt med omsynssone i kartet. Sona er i tråd med raud sone etter rundskriv T-1442 (70 dBa)

Innanfor restriksjonssone for støy over 70 dB kan det ikkje førast opp bustader eller andre støyømtålege bygningar eller uteareal.

8 Faresoner (PBL § 11-9 nr. 6)

Omsynssone som syner potensielt ras- og skredfare i planområdet. Sonen er samanfallande med NGU sitt aktsemdskart over utløpsområde for snøskred. Omfattar H310_10 til H310_17.

Ved planlegging av tiltak innanfor ein/fleire av faresonene må tiltakshavar få kompetente fagfolk til å vurdere den reelle skredfaren, og om naudsynt iverksetting av tiltak for å redusere faregraden. I tillegg til NGU sine aktsemdskart må ein vurdere NGI sine stein- og snøskredkart der desse er utarbeidd.

9 Soner med særlege omsyn

A. Friluftsliv (PBL § 11-9 nr. 6)

Omsynssone som syner område med store lokale og regionale friluftslivsverdiar, H530_10. Det skal takast vare på eit større samanhengande naturområde fritt for hytter og andre større terrengeinngrep.

Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur eller friluftsinteressene er ikkje tillate.

B. Landskap (PBL § 11-9 nr. 6)

Omsynssoner som gjeld område med store verdiar for landskapet. Omfattar Vinsryggmorena, H550_01, og Hidehågjen, H550_02.

I område som er viktig for landskapet skal ikkje utbygging, masseuttak eller større terrengeinngrep, samt frådeling til slike formål, finne stad.

C. Bevaring naturmiljø (PBL § 11-9 nr. 6)

Omsynssoner som gjeld område med viktige naturtypar og sårbare og truga artar av nasjonal eller regional verdi. Omfattar H560_01 (barskog sørvest for Svingesetvatnet), H560_02 og H560_03 (naturbeitemark på Vik-/Toningsetra og Bøasetra).

I område som er registrert som viktige naturtypar skal ikkje utbygging, masseuttak eller større terrenginngrep, samt frådeling til slike formål, finne stad.

D. Bevaring kulturmiljø (PBL § 11-9 nr. 7)

Omsynssoner som gjeld dei gamle, særmerkte stølsområda, "Ingebrigten" og "kyrkjeråsa". Omfattar delar av Bøasetra (H570_01), Vinsryggsetra og Ingebrigten (H570_02), Vikanedsetra (H570_03), Toningnedsetra (H570_04), Lundesetra (H570_05), Øvrebergsetra (H570_06), Holsetra (H570_07), Grendasetra (H570_08), Maursetsetra (H570_09), Toningsetra (H570_10) og "kyrkjeråsa" (H570_11).

Endring av eksisterande byggverk på stølsområda, oppussing og rehabilitering skal ta omsyn til historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi.

Oppføring av bygg som ikkje inngår i dei stølsområda og har annan bruksfunksjon skal ikkje plasserast innanfor omsynssonene. Unnateke frå dette er hyttepunkt i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Toningsetra, godkjent 13.11.07.

Ein skal søkje å unngå bygging av landbruksveg heilt fram til stølsområdet for å sikre rekreasjonsverdien og dei estetiske kvalitetane i stølsområdet. Veg til stølen bør avsluttast utanfor omsynssonene kring stølane.

Ved eventuell bygging utanom gamle tufter, skal nybygget passe inn i byggesystemet på stølen og elles følgje retningslinene for utvendig utsjånad. Form, storleik, farge, materialval (utsjånad utvendig) skal vere i pakt med tradisjonane på stølen, og dokumentasjon av dette skal følgje byggemeldinga.

Tiltak som medfører endring på, eller fare for øydelegging eller skjemming av SEFRAK-registrerte bygg skal leggast fram for fylkeskommunen til vurdering før byggjeløyve vert gjeve.

Innafor omsynssona langs "kyrkjeråsa" skal det ikkje gjerast fysiske inngrep. Unnateke frå dette er kryssingspunkt for tilkomstveg i samsvar med arealdelen. Kryssing skal gjerast på skånsom måte i høve råsa og landskapet, og med avbøtande tiltak som gjer det lett for gåande på råsa å krysse tilkomstvegen.
